

Spelemannen

Det fylgjer alltid fest og humør med Nils Larsen Rakvåg, eller han «Lisle-Nils» som han populært blir kalla i venekrinsar. Ingen skulle tru at han har passert dei åtti for fleire år sidan, lett på foten som han er.

Men livet har nok ikkje alltid vore nokon dans på roser. Onahavet kunne vere hardt for ein 15-åring på fiske i open båt.

— Men Stradivariusen var vel med både i fiske og anna arbeid?

— Å nei, du, det var nok ingen Stradivarius. Eg hadde ikkje skikkeleg fele første åra, og den eg kjøpte som 15-åring betalte eg med 5 kroner og då fekk eg bogen att på handelen. Det var Ole Syltesæter i Fræna som gjorde den velgjerninga å

selje meg så rimeleg fele. Både av han og av Anders Vik i Tomrefjord (der Nils er fødd) og likeins av Knut i Tangå lærde eg mange slåttar. Vi kunne ikkje notar den gongen, så vi måtte lære ved å lytte.

— Du spelar slåttar frå Gudbrandsdalen også?

— Ja, svigerfar min var frå Vågå. Han heitte Hans Jonsen Sagstuen og var fødd i 1852. — Frå han har eg nokre slåttar, men elles lærde eg mange av Hans Gjerde i Bud, Ole Heggdal på Otterøya og ikkje minst av Iver Hoksnes på Aukra. Han var den flinkaste spelemannen på øyane den tida. Han spela også i brudlaupet mitt i 1908.

— De hadde orkester også på Otterøya der gongen?

— Ja, det var ein bakar Moen frå Kristiansund som var leiar, elles var det ein lærar Holt frå Stordalen utanom folk frå bygda vår. Av sambygdingar som var med, kan eg nemne Nils Orvik, Nils K. Rakvåg, Andreas Orvik, Jørgen Tangen, Kobbjørn Rakvåg og Toralf Orvik. Vi spela både til dans og underhaldning og hadde både fløyte, klarinettar, bratsj og sjølv sagt mest feler.

Framleis er Nils «orkestermedlem», nemleg i Romsdal Spelmannslag, der han sjølv sagt er nestor. Stadig er han på farten med spelmannsvenene sine, og alltid blir det fest der Nils er med. Han har eit ual vener. Umåteleg gjestfri og oenleg som han er, kan ingen tenkast å kalle han anna enn ven.

Han er ein livskunstnar — vi —



Springar X

etter Hans Jonsen Sagstuen
spela av Nils Larsen Rakvåg

